## Nye gåver frå bankstiftinga?

07.03.2013




**Før jul delte SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad ut 2,5 millionar kroner til ålmennyttige føremål og 90 000 av summen gjekk til 2 søkjarar i Uskedalen. Det var 60 000 til Uskedal Utviklings arbeid i Gamleskulen og 30 000 til skigruppa. No har stiftinga annonsert utdeling av nye 2,5 millionar til våren og spørsmålet er om Uskedalen igjen har aktuelle prosjekt som kan verta tilgodesett.**

Innan 2. april må alle søknadar om gåver sendast via elektronisk søknadsskjema som er å finna på stiftinga si heimeside. Der finn ein og informasjon om om kven som kan søkja og kva det vert lagt vekt på under vurderingen av søknadane.
www.kvinnheradstiftinga.no er adressen

På biletet over står Ingebjørg og Solveig Haugland etter at dei tok imot gåva til skigruppa i fjor.

Gruppa skal nytta pengane til barne- og ungdomsarbeid medan UU rustar opp kjellaren og er igang med prosjektet i desse dagar,

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen